

Nr.	Kommune	Prosjektnamn	Søknads- sum	Tilråding	Grunngjeving	Kort presentasjon av prosjektet
1	Tysnes	Plan for friluftslivets ferdsselsårer i Tysnes kommune	120 000	120 000	Tysnes kommune vil starte på steg 1 og 2 i plan for friluftslivets ferdsselsårer og vil følge rettleiaren M-1292	Målet med prosjektet er å identifisere, ta i vare og utvikle viktige stiar, turvegar, løyper og leier i kommunen. Gjennom ein slik plan vil kommunen betre kunnskapsgrunnlaget og få ei meir heilskapleg planlegging og tilrettelegging av ferdsselsårene. Kommunen har hatt/skal ha møter med Tysnes turlag, padlegruppa i Njord/Tysnes og vil involvere bygdelaga i kartlegging og utviklingsarbeid.
2	Luster	Plan for friluftslivets ferdsselsårer	60 000	60 000	Luster kommune fekk tilskot til del 1 og 2 av planarbeidet våren 2021. Dei er no i gang med dette arbeidet og søker om midlar til å slutføre prosjektet slik at dei kan ferdigstille planen i løpet av sumaren 2022.	I kartleggingsarbeidet vil Luster fokusera på utvalde fotturar med ulik vanskeleigheitsgrad, helst i gå eller sykkelavstand til næraste tettstad. Dei vil og inkludere dei viktigaste ski og padlerutene og har mål om å få med minst to ruter som er universelt utforma.
3	Gloppen	Kartlegging av stiar og ruter i Gloppen	60 000	60 000	Gloppen kommune vil starte på steg 1 og 2 i plan for friluftslivets ferdsselsårer og vil følge rettleiaren M-1292	Gloppen kommune skal førebu ein plan for friluftslivets ferdsselsårer, jmf. rettleiaren M-1292. Både ruter/stiar som allereie er merka, nye stiar som ikkje er kartfesta og planlagde ruter kan kartleggast. Dei vil involvere DNT/DNT Ung, Nordfjord Folkehøgskule, utviklingslag og idrettslag i dei ulike delane av kommunen. Sentrumsnære turvegar i ulik delar av kommunen skal kartleggast spesielt med tanke på tilgjenge for menneske med nedsett funksjonsevne.
4	Sogndal	Plan for ferdsselsårer - Steg 1-2.	60 000	60 000	Sogndal kommune vil starte på steg 1 og 2 i plan for friluftslivets ferdsselsårer og vil følge rettleiaren M-1292	Sogndal planlegg oppstart med steg 1 i januar 2022. Steg 2 vert påbyrja i februar og fullført så godt det let seg gjere i vintermånadane. Ekstra feltinnsamling på våren 2022. Steg 1 og steg 2 skal vere ferdig i juni 2022.
5	Sunnfjord	Plan for friluftslivets ferdsselsårer	60 000	60 000	Sunnfjord kommune vil starte på steg 1 og 2 i plan for friluftslivets ferdsselsårer og vil følge rettleiaren M-1292	Sunnfjord kommune held i desse dagar på med å fullføre kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområde. Det er naturleg å følge dette opp med kartlegging og plan for friluftslivets ferdsselsårer. I første omgang søker dei tilskot til kartleggingsdelen, dvs. dei to første stega i planarbeidet. Kommunen vil samarbeide med

						relevante lag og organisasjonar, t.d. Indre Sunnfjord turlag.
6	Bjørnafjorden	Friluftslivets ferdselsårer del 3	60 000	60 000	Dei tidlegare kommunane Os og Fusa har tidlegare fått tildelt til saman 120 000 kr til steg 1 og 2 i prosjektet. Det søkaste no om tilskot til å slutføre plan for friluftslivets ferdselsårer	I Bjørnafjorden kommune blir friluftslivets ferdselsårer ei kartlegging og eit kunnskapsgrunnlag som vedlegg til sektorplan for kultur, idrett og friluftsliv. Handlings- og tiltaksplan for friluftsfeltet blir innarbeida i sektorplanen som skal vera ferdig vedteken innan utgangen av 2022.
7	Ullensvang	Friluftslivets ferdselsårer 2021	50 000	50 000	Ullensvang kommune har utarbeide ein plan for friluftslivets ferdselsårer som no er på høyring. Omsøkt tilskot vil bidra til å realisere tiltaka som er nemnt i planen.	Plan for friluftslivets ferdselsårer i Ullensvang kommune er no ute på høyring. Planen viser til prioriterte tiltak. Tiltaka som er prioritert høgast i 2022, er oppsett av nye skilt og noko tilrettelegging av stiar i Røldalsområdet. Det er også prioritert å få på plass grunneigar-avtalar i heile kommunen
Sum				470 000		